

Felles programstyre for lektorutdanninga

Protokoll frå møte i felles programstyre for lektorutdanninga Møte 3 - 2025

Tidspunkt: 12. juni, 2025, kl. 13.30 – 15.30

Møtestad: Lektorsenteret, Christies gate 20

Til stades:

Endre Brunstad (leiar), Line Hilt (PF-PPU), Katharina Sass (SV), Christian Sæle (HF-AHKR), Kimberly Skjelde (HF-IF), Ragnhild Lie Anderson (HF-nordisk), Matthias Stadler (NT), Guri Reikvam (Bergen kommune, Slåtthaug ungdomsskole), Katrine Aske og Karine Børstad (studentrepresentantar), Marthe Grønsveen (observatør, fagleg praksiskoordinator) Bo Byrkjeland og Aud Irene Mehammer (sekretariat, lektorsenteret)

Meldt forfall: Martin Sjøen (PF-5LU), Monica Håkonsli (VLFK) og Thashany Pratheepan (studentrepresentant)

Forslag til dagsorden:

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkallinga blei godkjend.

II Godkjenning av protokoll frå møtet 2. april

Det kom fram at det manglar to saker i protokollen frå førre møte; sak 13/25, *Ekstern fagfelle-rapportar* og sak 14/25, *Ordning med ekstern fagfelle i lys av nytt kvalitetssystem og behov i lektorutdanninga*. Sakene vil bli lagt inn i protokollen og sendt ut til medlemmene.

Saker til eventuelt:

Endringar i representasjonen i programstyret frå hausten 2025.

Vedtakssak

Sak 24/25 Møteplan for haust 2025

Vedtak

Felles programstyre vedtok framlegg til møteplan for hausten 2025.

Sak 25/25 Forkunnskapar for langpraksis

Vedtak

Felles programstyre vedtok framlegg til forkunnskapar for langpraksisperiode 1 og 2, slik det kom fram i saksinnlegget, og at desse skal leggst inn i emneplanane for dei respektive praksisperiodane.

Sak 26/25 Lektorutdanningskonferansen ved UiB 2026

Felles programstyre ønskjer at lektorutdanningskonferansen skal arrangerast i løpet av veke 7 eller 8, og har følgjande innspel til tema for konferansen:

- Kvalitet i praksis: rettleiarrolla, rettleiingsformer, tilhøvet mellom opplæringa ved UiB og det som skjer i praksis, praksisbesøk, nye praksisformer, skikkavurdering
- Overgangar: mellom skuleslag (ungdomsskule og vgs), kan også inkludere problemstillingar knytte til felles rammeplanar (og evt. underkapittel om 8–10 og 11–13).
- Kunnskapen sin plass/rolle i skulen: «post-truth», kunnskapsmål vs kompetanse (var samtidig handsama i årets konferanse)
- Digital og analog undervisning i lektorutdanninga: t.d. KI i opplæring og vurdering, men òg meir allment.

Programstyret føreslår om at komitéarbeidet kjem raskt i gang og at komiteen har løpande dialog med programstyret om programutviklinga.

Vedtak

Programstyret vedtok tidspunkt for lektorutdanningskonferansen ved UiB i 2026, med dei innspela som kom fram i møtet.

Lektorsenteret vil be fakulteta melde inn representantar til komiteen og tek kontakt med skular for komitémedlemmer.

Sak 27/25 Ekstern fagfellesamling 2025

Vedtak

Felles programstyre vedtok at ekstern fagfellesamling 2025 blir komprimert til ein dag, kor det blir lagt til rette for møter mellom fagfelle og fagmiljø, og utvida felleslunsj mellom fagfeller og felles programstyre på lektorsenteret. Dato for fagfellesamlinga blir 12. november.

Drøftingssaker

Sak 28/25 Høyring om tre forskifter til tilskotsordningar for kompetanseutvikling

Programstyremedlemmene støttar framlegg til prosess.

Orienteringssaker

Sak 29/25 Søkartal 2025

Programstyret tok saka til orientering.

Sak 30/25 Semesterevaluering av ny modell

Programstyret tok saka til orientering.

Sak 31/25 Innspelsrunde om rammeplanarbeidet

Programstyret tok saka til orientering.

Sak 32/25 Deltidsstillingar ved lektorsenteret

Programstyret tok saka til orientering.

Sak 33/25 Nytt frå praksisutvalet

Programstyret tok saka til orientering.

Sak 34/25 Invitasjon til informasjonsmøte om Teacher Education Panel Study (TEPS)

Institutt for pedagogikk planlegg å delta, det same gjer lektorsenteret.

Programstyret tok saka til orientering.

Sak 35/25 PPU-deltid

Line Hilt orienterar frå PF/IPED sitt arbeid om PPU-deltid, kor grunntanken er å sjå på moglegheitene for å fylle opp studieplassane til PPU ved å ta opp studentar til PPU-deltid, og at eit deltidsstudium må etablerast innanfor eksisterande resursar.

Sidan sist orientering i felles programstyre, 2. april, har PF/IPED sendt framlegg om PPU-deltid til fakulteta. Både SV og NT har meldt tilbake at dei ønskjer å gå vidare med å undersøke moglegheitene for å etablere eit deltidsstudium for PPU. HF har meldt tilbake at dei ønskjer å løfte saka opp til styringsgruppa først, for prinsipielle avklaringar. I tillegg har HF allereie ein del parallelle undervisningsløp i språkfaga som gjer det utfordrande å finne løysingar for eit deltidsstudium.

PF/IPED hadde eit ønske om å få etablert eit tilbod om PPU-deltid til hausten 2026, men det kan bli forsinka.

Sak 36/25 Eventuelt

Endringar i representasjonen i programstyret frå hausten 2025:

- Sosiologi: Katharina Sass, som blir instituttleder ved Sosiologisk institutt, blir erstatta av Kjetil Børhaug.
- Pedagogikk/PPU: Line Hilt, som blir instituttleder ved Institutt for pedagogikk, blir erstatta av Dag Roness. Iped vil dessutan normalt møte med berre ein representant (både for PPU og for pedagogikk generelt)
- Framandspråk: Kimberly Skjelde blir erstatta av Myriam Coco, som kjem attende frå forskingstermin.
- Studentrepresentasjon: Katrine Aske er ferdig utdanna lektor og blir erstatta av ny leiar i FIL/STIL.